

**Fra:** Nils-Arne Træland <nils-arne@lindaasvvs.no>  
**Sendt:** 2. september 2014 08:20  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Marianne Villanger Lilletveit  
**Emne:** Kulturmidlar Manger Musikklag haust 2014

Hei!

På vegner av Manger Musikklag ber eg om utbetaling av kulturmidlar kr 25 000,- for siste halvdel av 2014.

Musikklaget har sidan sist gjennomført og skal gjennomføra fleire prosjekter.

Me har nett gjennomført helgeseminar for skulekorpsa i kommunen vår, der våre medlemmer stiller gratis opp som instruktører for skulekorpsmusikantane. Dette er eit rekruteringsprosjekt som er viktig for å sikre rekrutering til MML og andre amatørkorps i regionen vår.

I september står BrassWind festivalen for dør, festivalen har i år 10 års jubileum og me ser fram til nok ein gong syne mangfaldet av norsk musikk i Nordhordland og Bergen. Dette er eit stort dagnadsprosjekt for laget og krev alle mann i arbeid ei heil helg.

Etter BrassWind festivalen starter me oppkjøring til sesongens fyrste konkurranse, Siddis Brass i Stavanger i November.

Musikklaget skal i løpet av hausten halde 5 konserter på Radøy, det er me veldig stolte av.

Utan støtta frå Radøy Kommune hadde denne aktiviteten vore vanskeleg, og me er svært takksame for støtta.

Me ynskjer å være gode ambassadører for kommunen og på den måter gje noko att til kommunen vår.

Med helsing  
Nils-Arne Træland  
Styreleiar  
Manger Musikklag